Vestmannen

Nr 2 Bergen, 20. februar 1999 15. årgang

Voss, ein tverrskurd av natur og kultur

Av Ludv. Jerdal

Utsynsfotoet kjem frå Johannes Gjerdåker

I Vossasongen sin "Eg veit ei bygd med lange, leine lider" hev Lars Eskeland eit umkvæde i kvart vers: "Du vene Voss, du vene Voss".

No sat eg ein tidleg morgon i den storfelde Frescohalllen, Bergen Turist-informasjon, der Reklameforeningen i Bergen hadde vitjing av representantar for heile Vossaveldet som baud på Vossafrukost og påpresentasjon av det som Vossaveldet no kan bjoda til alle som vil vija denne storfelde naturperla i Vest-Noreg. Og me var samde med han som dikta Vossasongen.



Me møtte eit mangfelde. Voss Næringsforum er samskipnaden for nokoav det mest mangslungne i landet når det er tale um tilbod til alle som vil uppleva storfeld natur og målmedviten og sermerkt kultur. Og medan me smaka på ein god Vossafrukost, gav veltalande representantar for bygdi innsyn i kva Voss hev å bjoda på. Gode ljosbilete stadfeste skildring av stor natur. Og i dette mangfaldet stend kjende hotell og restaaurantar, her er utferder og fotturar, jaktturar og fisketurar, fjellriding med hest, rafting og sykkelturar på Rallarvegen, Stalheimhotellet med si mektuge utsyn i Fjellheimen, her er Mjølfjell med sitt ungdomsherbyrgem her er Hangurbana til Vossevangens "tak", her er vitjing på gamle gardar, og minnesmerke og museum som vitnar um tradisjon som vessene hev teke vare på.

Alt i alt: Dette var ei openberring, som eit eventyr. Men i tale og bilete vart det stadfest at eventyret var sant!

Bordalsgjelet ligg i gangavstand frå Voss sentrum. Utsyn til fjellrekkja og til mektuge jettegrytor i gjelet.

Rallarvegen er eit kulturhistorisk minnesmerke um rallarane som bygde Bergensbana yver høgfjellet. Sykkelvegen og gangvegen er mykje nytta.

Ordtøkjet

Det Augat, ein ikkje ser med,
er liti Hjelp i.

Etter Ivar Aasen

I dette bladet

L. Jerdal: Voss 1
L.B. Marøy: Gode medlemer 2
Terje Aarset: Retting 2
For seint å retta skulemålet? 3
J. Gjerdåker: Alf Ahlberg 4
Svart amerikanar vert frisar 4
L. Jerdal: Sigurd Askevold 5
Sigurd Sandvik: Um ordet saud 5
Ronny J. Spaans: Diktmøblering 6
J. Krokvik: Heidersskrift Oddvar Nes 6
Høgnorsksamling i Ørsta 7
L.B. Marøy: Nynorsk moderne 8
Stig Bergmann: Moderne nynorsk 8
Vossagjenta Ingvild Bryn 8
Tilskot frå Opedalsfondet 9
T. Ropeid: Høgnorsk skrivemåte 9
J. Krokvik: Høgnorsk rettsskriving 9
L.B.Marøy: Nynorskunderskot 10
Sigbjørn Heie med Prosablanding 11
Kai Hunstadbråten: Dikt 11
Trygve Orheim: Brusar 12
A. Horge: Stød på foten 13
Gunnar Rysstad: Fjøddi okko 13
L.Jerdal: Naud og hat 14
J.Krokvik: Kvinnejamstelling 14
Andreas Bjørkum i Språknytt 15
Lettlese um Olav Sande 16
Dessutan Ordtøkjet, Vestmannalaget, småmeldingar, Sagt, Telefonen, Godt sagt, Sluttordet m.m.

Meir um NRK-målet

I Vestmannen nr. 10-20.12.1998 stod upprit frå årsmøtetet i måldyrkingslaget, under merket H.B. Her stend m.a. at den unge Håvard Tangen tala um målbruket i NRK, han gav mange døme på ringt mål og nemnde gode avløysingsord.

Ein som var på møtet skriv til Vestmannen at etter det Tangen upplyste, bygde utgreidingi hans på tilfang frå Fridtjov Sørbø, eit burtimot tusundtals uppteikningar som han hev gjort gjenom ein drjug tiårsbolk. Den range ordbruken i sendingane er alltid tidfest og medarbeidarane namnfeste. Håvard Tangen upplyste òg at han er hjelpesmann for Fridtjov Sørbø i arbeidet med å systematisera tilfanget med tanke på utgjevnad i bokform.

Til sist heiter det: "Vestmannen hev tidlegare umtala denne saki, sjå nr. 10, 1997. Her vart det fortalt at boki kjem til å jamføra målblandingi i radio og fjerrsjå med dei rette ord og segjemåtar i nynorsk, og elles samanlikna desse med nemningane på bokmål, islendsk, færøysk, dansk og svensk. Denne utsyni skal visa korleis nynorsken i NRK stendig vert bægd burt både frå dei norrøne mynstermåli og den klangrike høgsvensken."

Gode medlemer i Vestmannalaget!

Vestmannalaget er med i fylkeslaget Vestlandske Mållag som hev mange viktige uppgåvor fyre seg. Me stend fyre eit viktig år for nynorsken. Fagnemndi i Norsk språkråd skal leggja fram framlegg til ny rettskriving i år 2000. Det er viktig at me held eit vake auga med dette. Alt i februar skal norsk Norsk språkråd diskutera um det skal opnast for anbeheitelseord i nynorsk. Planane er klåre frå vår kant til å gjera motstøytar, men enno ligg det ikkje fyre noko offentleg upprit frå møte i fagnemndi. Me ventar i spaning!

Lokallaget vårt Volda og Ørsta Målungdom planlegg eit seminar um målrøkt og nynorsk skriftkultur ein gong på vårparten. Det er viktig å knyta vestmannamålet til alle fag innanfor utdaningi, og ikkje minst er det viktig å halda uppe eit målungdomslag i Volda. Me i styret skal gjera vårt til at det let seg gjera å markera vestmannamålet best råd i Volda og Ørsta.

Vestlandske Mållag treng sårt til å få fleire lokallag kringum på Vestlandet, difor vil eg uppmoda kvar einskild av dykk til å tenkja på um de kjenner folk som kann tenkja seg å vera kontaktpersonar for mållag kringum på bygdene. Kanskje vil nokon av dykk sjølve vera kontaktpersonar.

Me er alltid takksame for innspel frå dykk.

Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag

Tilskrift: Eliasmarken 14, 5034 Laksevåg
Tlf. 55 34 33 77

RETTING

I siste nummer av Vestmannen er bladet Motmæle 5/1998 omtala. I opprekninga av innhaldet er det nemnt til slutt at føreordet til *Norsk Grammatik* (1864) er med i bladet. Dette er ikkje rett. Det er "Fortale" frå *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) som er attgjeven side 22-25 (jf. framsida: "150 år med nynorsk") Det går òg klårt fram av overskrifta side 22.

Bladstyret har teke teksta frå CD-romplata om Ivar Aasen som Samlaget gav ut i 1996 utan å spørje Samlaget, Ivar-Aasen-instituttet (som gav ut boka, som nr. 1 i ein ny skriftserie), eller meg, som stod for arbeidet med boka. Motmæle nemner 1848-grammatikken på tre stader i bladet (s. 2, 14 og 22), men ingen stad står det noko om at grammatikken kom i ny utgåve i Aasen-året.

Ein les stundom at nynorsken må verte meir synleg. Det er rett og sant og kan ikkje seiast for ofte. Men målfolk må ta til med seg sjølve og slutte å teie sine eigne tiltak og talsmenn i hel.

Terje Aarset

Det norske Folkesprogs Grammatik 1848

Me viser til «Retting» av Terje Aarset, og det er sant at i Vestmannen 1/1999 kom me ved ein lapsus til å skriva «Norsk Grammatik» (1964) i staden for «Fortalen frå Det norske Folkegssprogs Grammatik» (1848). Me segjer oss leide for uhendet.

Det er òg rett at «Det norske Folkesprogs Grammatik» (1.utgåva av Aasen-grammatikken) kom i ny utåve i 1996 ved Terje Aarset, som nr. 1 i serien «Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet». Utgåva var umtala i Vestmannen nr. 10/1996.

Vestmannen

Bladpengane 1999

Med dette bladet sender me ut postgirokort som tingarane kann nytta når dei sender bladpengane for 1999. Av praktiske grunnar gjeng kortet ut til alle, men dei som hev sendt bladpengane må ikkje rekna det for noko krav. Me takkar hjarteleg alle dei som hev sendt oss bladpengar og/eller gåvor! Hjarteleg takk!

Me bed vensamt dei som stend til rest um å nytta postgirokortet. Postgirokontoen var er nr **0802 4 256392**. *Bladpengane er som fyrr kr 150,- for vanlege tingarar, kr 100,- for studentar, elevar og gåvetingingar.*

Hugsa det høgnorske bladet vårt no me nærmar 2000-året!

Vestmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar kr. 150,- for året
Studentpris kr. 100,-

Kan tingast på poststader og frå Vestmannen, 6143 Fiskåbygd

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 6504.10.12484

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen
Telefon 55 31 79 29 /55 16 37 32

Bladstyrar:
Jostein Krokvik
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 02 14 29

Rekneskapsførar:
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde

Prenta hjå:
Nytrykk as
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 0 2 13 07
www.nytrykk.no

Tilskrift for all post: Vestmannen, 6143 Fiskåbygd
Internett: sambandet.home.ml.org

For seint å retta skulemålet?

Det er for seint å retta skulemålet i tradisjonell leid; me kann ikkje venda attende til 1938! Ja, dette hevdar sume som vil lata det ille medfarne nynorske skulemålet køyra same vegen som det hev gjort. Endå dei gjerne ser skavankane, nokre, som skulemålet vart offentleg påtvinga i 1938, 1959 og seinare.

Er det urikkande rett og sant, dette, at den tradisjonelle klassiske nynorsken, høgnorsken, er tapt? Feiande klisjéar bør ein alltid sjå på mistru, dei er påstand utan grunngjeving. Det er sant nok at me ikkje bokstaveleg kann venda attende til året 1938, me lever i 1999, men det tyder ikkje at det er ugjerleg å retta på målslege mistak både frå 1938 og fyre og etter dette årstalet. Um ikkje dette var so, vilde det ha vore fåfengt for Ivar Aasen å reisa eit norsk skriftmål etter 400 år med dansk. Og det vilde ha vore fåfengt for bokmålet/riksmålet å føra framgangsrikt inn att ord, former og skrivemåtar i 1981, som vart utestengde i 1938 og 1917. Og i grunnen vilde det ha vore fåfengt å jamstella ordet "me" og godtaka formi *ei* [*kvinna*], *ei* [*gata*] i 1983, som hev slege sterkt igjenom att. Ordet [so] hev vunne fram att i sterk mun etter det fekk understelt sidestatus i 1991 – etter meir enn 50 års utestengjing i skulen!

Alt i alt er heile det tilsikta offisielle målblandingsstrevet. frå fyrst til sist, eit slåande prov på at et *ikkje* er for seint å retta upp att skulemålet i tradisjonell leid. For i målblandingstidi vart det innført mengder med skrivemåtar og ordformer som *ingi* fartstid, stutt eller lang, hadde i nynorsk. Det var ikkje noko folkekrav at målbrigdi skulde koma, nei, ingen i målstroki hadde bede um dei, målsamskipnadene var imot. Og endå slo dei på sin måte igjenom av di dei etter påbod ovanifrå fekk serstatus i skulen, medan det tilvande tradisjonelle målet vart diskriminera og skuva ut. Når slike tilnærmingsformer, utan fartstid og imot målfolks vilje, kunde innførast, so er det ikkje berre lettvint, men sogelaust å hevda at historisk og systematisk rette former som lenge var eineformer i målet, ikkje skulde kunna vinna fram att!

For trass i at han hadde allverdsens mektuge krefter imot seg, hev det aldri lukkast å rydja ut den tradisjonelle klassiske nynorsken på Aasens grunnlag, høgnorsken. Han hev levt samanhangande i tale og skrift, i bok og blad. Og han lever i dag, millom anna i Vestmannen.

At Gustav Indrebø i 1929 ynskte ei meir einskapleg rettskriving – då med burttak av bokmålisinnslag – er skynleg nok og var rettkome. Men i dag er eit krav um einskap tvilsamt og truleg skadeleg. Nynorsken hev heilt frå Aasen havt eit visst rom for valfridom, og valfridomen hev fylgt med alle offentlege freistnader på regulering av skulemålet, *alle* – frå 1893 gjenom 1910, 1917, 1938, 1959 og til i dag. Etter vårt skyn er dette ein god og verdfull tradisjon for nynorsk mål, som må haldast i hevd og i dag utvidast i tradisjonell leid. Det er på ingen måte for seint å atter opna nynorsk lærebokmål for større ledugskap og meir målsleg systematikk. Tiltrengd vøling kann koma seint, men ikkje *for* seint so lenge målet er til.

VESTMANNALAGET

Møtelista for vårhalvåret 1999. Alle møti vert haldne i Bryggens Museum kl. 19. Fast møtedag er torsdagar. Mat, kaffi og Tuftekallen er visse innslag.

18. februar. Leidulv Hundvin talar um Arne Garborg

18. mars. Årsmøte med årsmøtesaker. Journalist Rolf Tofte talar.

15. april. Journalist Reidar Storaas talar um kunstnaren Mons Breidvik.

20. mai. Utferd? Me hev i tvo år havt trivelege utferder, ein gong til Askøy/Herdla, og ein gong til Radøy. Dersom det er stemnng for det, vil me freista få ei utferd til Telavåg og museet der. *Alle møti vert kunngjorde på lagsmøtet fyreåt, i Bergens Tidende laurdagen fyreåt, og i Vestmannen.*

ALLE VELKOMNE. VEL MØTT!

Formann: Leidulv Hundvin, Lillehatten 242, 5033 Fyllingsdalen. Tlf. 55 16 37 32. **Skrivar:** Lars Bjarne Marøy, Eliasmarken 14, 5031 Laksevåg. Tlf. 55 34 33 77. **Kassastyrar:** Bjarne Storheim, 5123 Sæbøvågen. Tlf. 56 37 10 71.



Gåvor til Vestmannen

Oskar Sønderland, Volda, 100. Ola J. Breivega, Sannidal, 50. Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 100. Kari Hartveit, Lonevåg, 50.

I alt i dette bladet kr 300,-
Hjarteleg takk til kvar og ein!

Merk bøkene frå Norsk Bokreidingslag!

Me viser til lysing frå Norsk Bokreidingslag s. 15. Ver merksam på dei nye bøkene:

Arne Horge: **Gråskuggen,** kunstnarleg barnebok, kr 168,-.

Sigurd Sandvik: **Stølsguten**, folkeminnebok frå 1920-åri, kr 145,-.

Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik: **Heidersskrift til Oddvar Nes** kr 275,-..

Jarle Bondevik og Oddvar Nes: **Ivar Aasen-studiar I** kr 230,-.

Alf Ahlberg, ein svensk stridande humanist

Av Johannes Gjerdåker

Kjell Krantz:
Alf Ahlberg – en biografi
Filosofen i exil
Filosofen i folkhemmet
Dualis Förlag AB
Ludvika 1998

Alf Ahlberg vart i tida frå 1920-åra til 1970-åra kalla det svenske folket sin filosofilærar, ikkje berre fordi den store filosofihistoria hans så lenge gav innføring i filosofi for alle svenskar, men òg fordi han i aviser, i tidsskrifter og i bøker gjorde synspunkta sine kjende, og stridde for dei. Frå tidleg ungdom var han kristen humanist. Dette standpunktet gjekk han aldri ifrå, men utdjupa det og aktualiserte det gjennom eit langt liv som vitskapsmann, forlagsmann, skribent og folkehøgskulelærar. Han kom til å sjå livsoppgåva si i folkedaning og vart frå 1927 lærar ved Brunnsvik folkehøgskule i Bergslagen, der han frå 1932 heldt fram som rektor til 1957, då han gjekk av for aldersgrensa. Alf Ahlberg var fødd i 1892 ved Laholm i Halland, der faren var prest. Han døydde i Ludvika i 1979. Han studerte ved universitetet i Lund, og var i nokre år etter eksamen forlagsredaktør i det nyskipa forlaget *Natur och Kultur*.

I 1998 kom boka "Alf Ahlberg – en biografi" av Kjell Krantz. Det er eit verk på meir enn 800 sider, der livet til Ahlberg vert utførleg skildra frå vogge til grav, og med ættebakgrunn. Forfattaren gjev samtidig eit opplysande lengdesnitt av svensk idéhistorie gjennom det 20. hundreåret.

Denne boka har mange verdfulle kvalitetar; ein av dei er at Kjell Krantz i kvart einskilt tilfelle av ordskifte eller strid som Ahlberg stod i, gjer greie for den andre parten sitt argument og standpunkt òg, såleis hjå menn Ahlberg kjempa mot, som Ingemar Hedenius, Herbert Tingsten og Lars Gyllensten. Den djupe og forgreina deltakinga til Alf Ahlberg i svensk ordskifte maktar denne vel førebudde biografen å gjeva att slik at lesaren synest han lærer noko viktig um politisk, kulturelt, sosialt og teologisk liv i Sverige gjennom dette hundreåret.

Mykje merksemd vigjer Krantz til Ahlberg innanfor folkehøgskulen ved Brunnsvik, som alt frå opptaket i 1906 hadde vore ein skule for arbeidarungdom (Dan Anderson hadde vore elev ved skulen), og frå 1920-åra i nokon mon vart teken i bruk til kursverksemd av fagrørsla. Då fagforeiningsleiarar kravde at skulen elles òg skulle gjeva effektiv førebuing til arbeid i sekretariat, arbeidarpresse og politisk verksemd, hevda Ahlberg andsynes dei det kristne/humane daningsidealet utan atterhald. Endå om han vart omstridd, og krefter vilde ha han avsett, stod det slik vyrdnad av forfattarskepen hans, også millom motstandarar, at avsetjing aldri vart til røyndom. Det var òg slik at mange ungdomar søkte til Brunnsvik for å læra av Alf Ahlberg.

I Noreg kom, samtidig med denne svenske biografien, "De nasjonale strateger" av Rune Slagstad. Dei to bøkene utfyller kvarandre for så vidt som båe omhandlar folkedaning, i kvar sitt land. Men skilnaden er òg stor, i og med at Kjell Krantz si bok er samla om éin mann og hans samtid. Alf Ahlberg vart aldri ein nasjonal strateg, men han opponerte mot den framskridande utviklinga, slik at svært mange lydde etter. Det må nemnast at han med åra vart viss på at den daningsidealismen som han hadde stridt for i heile sitt aktive liv, alt var på veg ut av det moderne utdaningssamfunnet, der omsyn til effektivitet, nytte og økonomisk vinning er meir og meir rådande.

Alf Ahlberg stod i debatt mest utan avbrot, men når han tok del i ordskifte, var det ikkje for å vinna ein duell, heller var det for å hevda og gjera klårt eit standpunkt. Han tok eit nederlag i debatten med ro, og stundom med glede, ut frå idéen om at sannings sak vil sigra, jamvel om ho lid nederlag i augneblinken.

I Noreg hadde Inge Krokann og A. H. Winsnes same grunnsyn og polemiske form som Alf Ahlberg, det same kan ein seia om den noko yngre Aasmund Brynildsen.

Jålut

I Dagbladet 5.1.1999 hadde *Harriet Eide* eit *Innhogg* um Det Norske Teatret:

"Jålete

Jeg trodde Det Norske Teatret så som en oppgave å hegne om det norske språk, avdeling nynorsk. I så fall forundres en over at teatret velger den engelske tittelen på neste premiere på hovedscenen; Bab Christensens avskjedsforestilling som Maria Callas i Terrence McNallys "Master Class". Hvorfor ikke kalle det "Meisterklasse"? Stykket var et av de mest spilte i Tyskland i 1997. Der oversatte de tittelen. Hvorfor jåles det med unødvendige engelske ord? Det er nok at flertallet av filmer for mange har ubegripelige titler. Fortsatt finnes mange nordmenn som aldri fikk undervisning i engelsk.

Harriet Eide

Svart amerikanar vert frisar

Den amerikanske målgranskaren dr. *Marron C. Fort, farga,* vart den 10. mai 1998 høgtideleg utnemnd til *Innfødd av det Austfrisiske landumrådet* (Indigenat der Ostfriesischen Landschaft). Denne heidersutnemningi er tiltenkt einskildpersonar som ikkje er fødde i Austfrisland, men som i sermerkt mun hev gjort seg fortente til utnemningi. Marron C. Fort er den fyrste fødde amerikanaren som fær denne heideren.

Austfrisisk er det minste av dei frisiske måli. Dei andre er nordfrisisk (Nordfrisland) og vestfrisisk (Nederland). Austfrisik vert i dag tala av kring 2000 menneske i Saterland på ei språkøy, noko isolera av myrlende, i landsbyane Ramsloh, Strücklingen og Scharrel millom Oldenburg og Leer (Nedresaksen). Dagsens austfrisiske mål hev ingen skriftarv, i motsetnad til nordfrisisk og vestfrisisk, og mange hev rekna med at målet stod i sterk fåre for undergang. Universitetet i Oldenburg hev lagt vinn på å berga det austfrisiske målet, serleg gjenom ein forskingsskipnad der Marron C. Fort er leidar. I 1993 gav han ut skriftet "Zur Lage des Saterfriesischen", der han gjer klårt kor grunnleggjande det er for kulturelt mangfelde å skapa slike vilkår at austfrisisk held seg levande.

Marron C. Fort er fødd i Boston i Sambandsstatane i 1938. Han arbeider på universtitetsbiblioteket i Oldenburg, og tidskriftet *Nordfriesland* (Bräist/Bredstedt) kallar honom serkunnande i nordtyske regionalmål. Større vekt enn på det yrkesbundne arbeidet, segjer tidsskriftet, legg han på arbeidet for folkemåli.

Jostein Krokvik

Hugsa bladpengane!

Sigurd Askevold til minne

Av Ludv. Jerdal

Læraren, forfattaren og leidaren for den internasjonalet Fredsmarsjen som gjekk yver heile Europa, i Mid-Austen, Russ-land og Nord-Amerika, Sigurd Askevold, er død i Creston, Canada, der han hadde butt sidan 1951 og der han var lærar i den høgre skulen i 30 år, og serleg tok seg av undervisningi i fransk språk.

Sigurd Askevold var fødd og uppvaksen i Kassel i Tyskland, og han var no nær 81 år. Han og kona, den tyskfødde dr. Imme Hansen frå Hamburg, emigrerte til Creston i 1951, millom anna fordi dei der fann ein sers triveleg stad med vakker natur. Han vart lærar for mange, og kom i god kontakt med alle familiar i dalen.

Som namnet syner hadde Sigurd Askevold norsk slektsbakgrunn. Han var soneson til den store norske målaren Anders Askevold som kom frå Askvoll i Sunnfjord og slo seg ned i Tyskland i vaksen alder. Sonesonen hev gjenom eit langt og verksamt liv gjort eit storfelt arbeid ved å halda minnet um bestefaren levande. Med visse millomrom hev han samla slektningar etter besteforeldri, Anders Askevold og den bergensfødde Cathrine som høyrde til familien Gran. Sigurd Askevold hev skipa ættarstemnor i Tyskland og i Noreg, stemnor som samla hundradtal av etterkomarar. Ei av stemnone her i landet var i Bergen sumaren 1987, i samarbeid med Vestmannalaget. Der var Anders Askevolds innsats for restaurering av Håkonshallen emne for ein storfest i Håkonshallen, og tri år etter skipa han Askevoldstemna i Askvoll. Og forfattaren Sigurd Askevold gav deretter ut ein stor biografi um Anders Askevold og hans plass innan målarkunsti. Boki er eit fint festskrift, og språkmannen Sigurd Askevold fornekta seg ikkje: Boki kom samstundes på tri språk: tysk, engelsk og norsk.

Sigurd Askevold hadde vidfemnande interessor. Han var den lærde språkmannen, og i Creston var han hagedyrkar, turmann, naturelskar og fiskar, han rodde kajakk og han gjekk på ski, han var birøktar, og han var ein skrivande mann. Han var so kunnig i norsk mål at han både tala og skreiv det. Han var kvekar og fekk no sin siste kvilestad på kvekarkyrkjegarden i Creston. Kvekarsynet hans førde til at han vart ein sterk og aktiv talsmann i kampen mot atombombetrugsmålet. Då han vart pensjonist, fekk han endå meir tid til det arbeidet, og den sjeldsynte evna hans til å organisera, førde til at han i 1984 organiserte og styrde den internasjonale *Fredsmarsjen* som reiste yver heile Europa, i Mid-Austen og i Russland og Nord-Amerika. Han fekk uppleva store resultat av dei ferdene.

Han var ein godviljens mann, og han hadde utstråling. Sin humoristiske sans hadde han nok erva ifrå bestefaren Anders Monsen Askevold. Og han kjende seg sterkt knytt til Vest-Noreg og serleg til Sunnfjord. I mange år hev han og fru Imme kome til Noreg, og eg hev møtt deim kvar gong i Bergen.. Det var festlege møte, og dei hadde planar um ei ny ferd til Tyskland og til Noreg til sumaren. I staden vart han brått riven burt. Fru Imme hev fortalt meg at ho fann han i hagen der han heldt på med eit arbeid. Han var råka av slag, og eit nytt slag fylgde. So han sovna inn på hospitalet stutt tid etter, medan ho sat ved sengi.

I den siste tidi var han uppteken av å granska dei gamle dagbøkene sine, uppteikningar um Fredsmarsjen og anna frå eit uvanleg innhaldsfylt liv. Det er ein rikdom å ha møtt ein mann som Sigurd Askevold. Han og fru Imme hadde vore gifte i 52 år. Dei hadde tvo døtrar og ein son. Sonen Ingolf Askevold bur i Florida i Sambandsstatane.

Etterkomarane etter målaren Anders Askevold hev no mist sin fremste talsmann. Det vert mange som saknar honom.

Det skal ikkje gløymast at at Sigurd Askevold gledde seg storleg då *Vestmannen* kom. Han var tingar på bladet i alle år, og i brev fortalde han at han las alt. Og i brevi sine kvar jol til meg la han inn ein sjekk på bladpengane og gåva som eg skulde senda vidare til Vestmannen. Han gledde seg yver høgnorsken i dette bladet.

Om ordet *saud* (med d)

Nokon likar lite at eg skreiv *saud* (med d) i boki *Stølsguten* (1999). Eg kunde godt late det vore; men Aasen hev *saud*. Og me hev *saud* i verbet: å sjoda-syd-saudsode = å koka. Sant å seia er namnet *saud* avleidt av verbet i fortid. Det er ofte so at verbet er det eldste. Me hev brjota-bryt-braut-brote etter same mønster med substantivet *ei braut*. I norrønt hadde dei njota-nyt-naut-note. Og av det *nautr* = gåva. Du hev gjerne lese om Gunnlaugsnautr, – i soga om Gunnlaug Ormstunga.

På Sunnmøre seier dei *saud* – med ein mjuk d som me ikkje brukar i skrift no. Men me hev ein brote med slike d-ar, som me ikkje seier. Me hev *naud* og *raud* utan at nokon mislikar det. (På Stord seier dei elles *saug* og *raug'e*!) Og sameleis: *baud, blid, blod, bod, god, sid, tid*. Kvifor skal ein då, etter dagsens skulerettskriving, skriva ei *li* og ei *glo* utan d? Av verb i infinitiv hev me: beda, *bjoda, boda, roda, skoda, vrida* som hev "stumme" d-ar for ende.

Ivar Aasen var meir fylgjestreng i rettskrivingi enn dei departementale nemndene seinare hev vore.

Sigurd Sandvik

Årbok for Telemark 1998

Det er alltid eit triveleg og kjært attersyn når *Årbok for Telemark* kjem. Jamt like innbjodande og fargegild på framsida, denne gongen med eit målarstykke av Reidar Fritzvold, "Skodda letter".

Årboki er er på 134 sidor med mange foto, millom anna frå helleristingar i Rauland. Me hev diverre ikkje høve til å taka årboki utførleg for oss, men 14-15 nedarbeidarar kjem til ordes med leselege innkast frå Telemark. Me må likevel nemna desse forfattarane som er velkjende i Vestmannen: Aslaug Høydal fortel um mor si som var skreddar; Thoralf Bergwitz skriv um bonden Talleiv Olavsson Huvestad frå Eidsborg i Telemark som var eidsvollsmann i 1814; Johan A. Schulze greider ut um stadnamn og talemål i Grenland. Og nemnast skal stykket til Rikard Berge um beltespretting, eit slag tvikamp der slagsbrørne beltebatt seg imot kvarandre, ofte med kvar sin kniv i hand, og ikkje sjeldan i slagsmål til ein eller båe fekk banesår. Knivslagsmål er nok ingi ny uppfinnning i Noreg; det er slett ikkje innvandrarar som hev kome med uskikken! Skriftstyrar for årboki er som tidlegare Dag Aanderaa.

Jostein Krokvik

Dekadent diktmøblering

Gunnhild Øyehaug:
SLAVEN AV BLÅBÆRET, dikt
Samlaget 1998

I fjor fekk den unge debutanten Gunnhild Øyehaug diktsamlingi "Slaven av blåbæret" utgjevi på Samlaget. Diktet "Brennmaneten" er vorte prenta i mange blad, og er eit godt døme på talentet hennar. Poenget i diktet er at livet er likt ein brennmanet som jagar ein på land, og faret etterpå i vatnet er litteraturen. Det vitnar um god teft til å finne råkande bilete, som ofte går ut i det absurde.

Øyehaug skriv um tilhøvet til litteraturen, og lenger ute i boki um tilhøvet millom mann og kvinne. Det siste temaet er merka av ei viss hjelpeløyse yverfor eit mannleg du. Når det gjeld litteraturen, har Øyehaug sagt i eit intervju i nr. 36-1998 av Dag og Tid at dikti er "ommøblering" av det som alt har vorte skrive. Det er difor ho byrjar med eit dikt kalla "Nachspiel" og endar med eit kalla "Vorspiel". Diktinnhald tek seg upp att gjenom heile boksoga, berre med ulik stil eller "møblering". Og vil halde fram soleis.

Den stilen ho har valt, skil seg etter mitt skjøn ikkje mykje frå det meste som har vore skrive etter 1960. Og etter å ha lese dikti eit par gonger, må eg segja at stort sétt fall dei meg ikkje i smak. Grunnen er nok at ho fylgjer ei modernistisk "møblering" som eg trur har prøvd ut alle sine variantar og no byrjar å bli dekadent. Eit døme er diktantologien "Tyven fra Brügge", redigert av Øyvind Berg, som inneheld lyrikk av dei mest kjende unge norske diktarane. Her er stilen av same slaget og tøygd so langt ut at boki truleg berre vil hamne hjå sume litteratar og i bibliotekhyllune med ustempla datotavlur.

Det er likevel eitt dikt hjå Øyehaug som har fått ei meir original form. Det er ein sonett:

Ekkyklema

Ein gammal snøplog står parkert
for alltid og for evig no
i skogens mørke, mette ro
har brøyterørsla stagnert

Du står i eigen sommarblund
ein slummer over vitra kropp
ei togn kring denne gravsteinsknopp
du rustar, nyt di skapingsstund.

Eg ser deg under greiners ly;
du drøymer snøens blinde spor
og søkk i fartas minnejord
før vintren grev deg ned på ny

Du veit at du er utan veg
ditt språk er rust, du er som meg.

Her lukkast diktaren med eit tradisjonelt versemål rundt eit moderne innhald. Og her nærmar ho seg dei nye tendensane i dansk og svensk poesi med namn som Inger Christensen og Clemens Altgård. Her i det modernistiske Noreg finn vi mindre sterkt tildriv hjå Bertrand Besigye og Alexander Rubio.

Øyehaugs biletskapande talent sameina med god metrikk som ho i motsetnad til dei fleste norske diktarar meistrar, skulde ha ført til meir arbeid med kvart dikt. Men òg betre resultat.

Ronny Jarholm Spaans

Heidersskrift til Oddvar Nes

ORD ETTER ORD
Heidersskrift til Oddvar Nes
27. desember 1998
Red. av Gunnstein Akselberg
og Jarle Bondevik
Norsk Bokreidingslag 1998



Professor Oddvar Nes ved Universitetet i Bergen fylte 60 år den 27. desember 1998, og til åremålsdagen fekk han heidersskriftet "Ord etter ord", ei fin bok på 280 sidor. Redaktørar hev vore Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik, båe knytte til Nordisk institutt i Bergen der Oddvar Nes hev arbeidsstaden sin.. Umslaget på boki i grønt av Bjørg Hausle Bondevik, er reint og tiltalande.

Den biografiske artikkelen i "Ord etter ord" hev Akselberg skrive. Oddvar Nes som ættar frå Volda, hev studietidi si i Bergen, og han tok magistergrad i germansk språkvitskap i 1968. Tysk var hovudemnet, med millomfag i historie og grunnfag i fonetikk. Magistergradsavhandlingi hans heitt *Studiar i dei eldste nordvestlandske fjordnamna.* Han vart amanuensis ved stadnamnsamlingi i Bergen i 1669, fyrsteamanuensis i 1973, og professor i nordisk språkvitskap i 1987.

Nes hev skrive ei rad vitskaplege arbeid, og er kjend fagleg utanfor Noreg. I mange år hev han arbeidt med ei stor norsk etymologisk ordbok der både nynorsk og bokmål er med. Eit av dei skilsetjande arbeidi i seinare år er dei vitskaplege utgåvone av etterleivde Aasen-manuskript, som Oddvar Nes redigerar saman med Jarle Bondevik og Terje Aarset. Eit stort arbeid hev Nes drive og driv innan feltet namnegransking, og han er redaktør for tidsskriftet *Namn og nemne.*

Heidersskriftet, umfram biogafien, er samansett av 23 forvitnelege artiklar av like mange forfattarar frå innland og utland um ymse emne. Me rekk ikkje å koma inn å utgreidingane, same um dei fortener det, men det skal nemnast at eine redaktøren, Gunnstein Akselberg, dryftar "Uttale av norrønt språk", og han meiner med norrønt språk "gamalnorsk skriftspråk" og "gamalnorsk talespråk". Islendingane les målet med nyislendsk uttale, medan nordmenn vanleg nyttar rekonstruert historisk uttale i skulen. Den andre redaktøren, Jarle Bondevik, skriv um Bergens-ord hjå Ivar Aasen, og han segjer til samandrag at "Jamvel um det ikkje er so mange ordi Aasen samla i Bergen ... syner dei at han ikkje var utan kjennskap til eller interesse for bergensmålet". I boki er med forfattarupplysningar og i helsingslista – Tabula Gratulatoria – er det med kring 220-230 namn.

Jostein Krokvik

Arbeid og leik for for ein 9-åring på 1920-talet

Sigurd Sandvik:
STØLSGUTEN
Norsk Bokreidingslag 1999

Stølsguten av Sigurd Sandvik skulde koma i 1998, men tidi runda so vidt årsskiftet fyrr ho vart fullført. Difor vart *Stølsguten* fyrste boki frå Norsk Bokreidingslag i 1999.

Stølsguten minner um *Litl-Ola* som Sigurd Sandvik sende ut i 1993. Med den skilnaden at i *Litl-Ola* fortel han um Ola fyre skulealderen, men i *Stølsgluten* hev Ola vorte 9-10 år gamal. Og med den skilnaden at den fyrste boki hev ei hovudvekt på å vera fortald fyrst og fremst for born, medan i boki som kjem no, ligg etter mitt skyn hovudvekti på å fortelja um arbeidsliv, arbeidsmåtar, reidskapar og haldningar i Suldal tidleg i 1920-åri. *Stølsguten* er tydelegare ei folkeminnebok. Men denne boki med kann lesast av born, og hovudpersonen Ola er heile tidi ingen andre enn Sandvik sjølv.

Det er ei bok på 84 sidor, og eg las henne mykje godt i ein strekk. Eg tykte ho langt på veg er spanande, helst fordi me fær sjå innanifrå korleis ein 9-åring upplevde dei harde kravi ifrå vaksne den gongen i bygdene i Ryfylke, og nok ikkje berre der. Barnearbeid var det, og urimelege krav, slik me ser det i dag. Men ikkje slik folk såg det den gongen. Dei stride kravi var ei frukt av harde livsvilkår; folk hadde ikkje noko val. Ola kjem til besteforeldri um hausten, då vert det ein munn mindre å metta heime; til komande sumar skal han vera stølsgut, ikkje åleine, men saman med Randi som er 60 år. Men i millomtidi er det ingi undanslengjing; han er fjøsdreng og medhjelpar i alt som trengst, so langt kreftene rekk. Helg som yrkje. Det er fjøsarbeidet, so er det lauvskjering og lauvkapping, reipsmurjing og fram imot våren vedhogst. Og annankvar dag er det skule. Ikkje underleg at han er glad då han slepp heim til foreldre og syskin jolekvelden!

Tidi på stølen er vel ei god tid – når veret er godt og gjeremåli undangjorde. For heller ikkje på stølen er det noko latmannsliv. Det er gjætingi, og det er stellet med buskapen. Og vask serleg av mjølkekjeraldi, for mjølki skal ikkje berre i bytta, men ho skal takast vel vare på, eit vilkår for dette er reinhaldet. Stundom er det ysting – eller *buhaging*, som dei segjer, eit ord eg knapt hadde funne ut av utan ordlista bak i boki. No må det segjast at det ikkje berre var krav og slit; det vart tid til leik og moro med, både på stølen og heime på garden.

Boki er lett å lesa, med stutt setningsbygnad og uppdelt i stutte småbolkar. Dei stutte bolkane er med tanke på born, men dei er nok ikkje burtkasta på vaksne heller. Dette siste kunde sume andre målskrivande skadelaust merka seg! Ordlista bak i boki er nemnd, og ho trengst. Det finst ikkje fåe ord som sume vil ha vanskar med å skyna, stundom på reidskapar og arbeidsmåtar som ikkje er i bruk lenger, stundom er det lokale vendingar. Her er nokre foto, av landskap og hus, og av stølsguten, Randi og besteforeldri. Nokre teikningar fortel meir enn mange ord, millom anna skissa av ei kvern og det som høyrer kverni til. Den lettlesne boki bør gjerast kjend i folkeminnekrinsar, der trur eg det er mange som vil ha glede av henne.

Jostein Krokvik

Høgnorsksamling i Ørsta i mai 1999

Leidaren i Volda og Ørsta Målungdom, Kay Morten Aarskog, fortel at laget skipar til høgnorsksamling i Ørsta frå fredag 14 til sundag 16. mai 1999, saman med Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Høgnorskringen. Høgnorsksamlingi i Volda i fjor var sers vellukka og gav meirsmak, og det hev alt meldt seg 15 deltakarar frå Oslo og Trøndelag.

Tilstellingi vert på Bondalen Grendahus, der det er kjøken og dessutan plass til yvernatting. Andre yvernattingstilbod stend òg til rådvelde. Tilskiparane vil freistaa få til eit manglagt program, med skifte millom lette og tyngre innslag. Laurdagen er det von um utflukt til Aasen-tunet. Det vert fleire innleidarar, men namni er uvisse enno. Og økonomien må tryggjast, segjer Kay Morten Aarskog som fortel at Volda og Ørsta Målungdom no hev 50 lagslemer.

Gode nynorske bøker til gåvor

Prisar fritt tilsendt:

- T.O.Nomeland: *Korleis ein nytta ut runnar og ungtre på gardane.* Stivb. Rikt ill. kr 125,-.
- Ottar Rygg: *Viser og vers i ein skumringstime.* Stivb. M/notar og teikn. kr 125,-.
- *Det finaste diktet mitt.* 3 dusin forf. med fine dikt. 80 s. Ib. kr 150,-.
- *Foredraga frå Johannes Skarseminaret i Valle 1997.* 142 s. Stivb. kr 150,-.
- Ånund K.: 3 stk. 1-3. *Skrøneboka mi* kr 125,-.
- Sigbjørn Heie: *På isflaket og andre forteljingar for born.* Stivb. kr 125,-.
- Sigbjørn Heie: *Nattsongaren.* Prosablanding for vaksne. Stivb. kr 150,-.
- Johan H. Grimstad: *Kornet og freden.* Dikt. Stivb. kr 150,-.
- Lars Rysstad: *Vektaren.* Dikt. Stivb. kr 125,-.
- Ole-Birger Olsen: *Månen er ein full mann.* Diktdebut. Stivb. kr 125,-.
- Sverre Søgnen: Birgjitt Lien. *Ei soge om kjærleik frå rallartida.* Stivb. kr 200,-.

Send pengane til kto. **2890.05.25801** og få bøkene posten.

Det er utruleg tilstrøyming av nynorske bokmanus! Kom med nynorsk, du òg!
Skriv etter bokliste med over 40 titlar!

Setesdalsforlaget
N-4690 Valle
Faks 379 37 098, tlf. 379 37 097
E-post: setesdalsforlaget@online.no

Sagt:

Signal
Kva signal er det så Bill Clinton og Tony Blair, med god støtte av Kjell Magne Bondevik og andre feige Nato-allierte, sender til verda ved å sleppe bomber over sivile mål i Irak? Jau: Gje blaffen i folkerettslege avtalar, FN-systemet, forhandlingar og diplomati! Det einaste som duger for den som vil sikre eiga makt, er rakettar og bombefly.

Det er ein fredsbodskap despotane i verda veit å ta til seg.
Audun Skjervøy i leidar, Dag og Tid

Lesing, tale og skriving krevst
Berre lesing, skriving og tale trengst for å fremja og halda uppe eit mål. Den fremste uppgåva til læraren er å styrkja lesingi.
Prof. Mark Diatschkow, russisk mållærd, i ifyredrag attgjeve i tidsskriftet Nordfriesland.

Måløkologi
Kvart mål hev sin eigen kultur og tradisjon. Målet er som ei krystallisering av tradisjonen til dei som gjekk fyre oss, og av heilt uvurderleg verd. Tap av eit mål kann aldri meir gjerast godt att. Det vert klaga syrgjeleg um det er fåre for at ei viss skjelpadde skal døy ut, men komisk nok synest ikkje det same alltid vera tilfelle med eit menneskeleg språk! Eg trur ikkje me for ålvor hev tenkt etter kva det tyder at eit naturleg framvakse menneskeleg mål døyr ut.
Makoto Schimizu, japansk professor, i samtale med Nordfriesland.

Petimetrane
Eg hev sjølv vore pint og plaga under Kyrkjedepartementet med sine rettskrivingsnemnder, med di eg måtte retta på diktarar som Wergeland og Ibsen, eller føra Per Sivle og Jens Tvedt yver frå i-mål til a-mål. I vissa når det gjeld so fin og medviten ein målmeister som Tvedt, er det mest å rekna for umsetjing, so mykje annleis vert måltonen. Og kva skal det vera godt for? Dei einaste som hev nokon hugnad av det, er dei petimetrane som sit i rettskrivingsnemndene og held rekning med kor mange prosent sidor eller linor med fri rettskriving dei skal sleppa til. På den måten fær dei gjera seg gjeldande, petimetrane med.
Severin Eskeland i "Målkunnskap", Fonna Småskrifter nr. 2, 1952.

Nynorsken er moderne

Hev vore prenta i ymse sunnmørsblad

Ofta vert nynorsken assosiera med det tradisjonelle samfundet. Det er noko som hev funnest på bondelandet og som ikkje høver inn i eit moderne bysamfund. Men i dag er det hundradtals menneske som arbeider med å skriva all slags faglege og administrative tekster på nynorsk i dei store byane.

Det er store gruppor av studentar som nyttar nynorsk i faglege uppgåvor på univrersitet og høgskular i byane. Jamvel er det ikkje få hundradtals ungar som lærer nynorsk i store byar som Oslo, Trondheim, Bergen og Stavanger. Innanfor alle slags fag på universitet og innanfor alle slags livsområde vert det nytta nynorsk i byane. Nynorsken kann ikkje lenger knytast til noko bondsk eller noko sermerkt for landsbygdi.

Lars Bjarne Marøy

"Moderne nynorsk"?

Ja, nynorsken er blitt moderne, skriv Lars Bjarne Marøy, med eit lettelsens sukk, den er ikkje bondsk lenger. Ein kan kalla det kva ein vil, men den "modernisering" og "utvikling" nynorsken har gjennomgått i meir enn førti år, viser no resultat.

Etter ein generasjon med uvitug ny-norsking av bokmålssord og den dumme kampanjen "Snakk dialekt, skriv nynorsk", er mykje godt den nynorske eigenart modernisert ut av språket. "Restene etter vort gamle Sprog", som Ivar Aasen kalla det. Dette er den fatale konsekvens av "middelmådighetens frykt for å være bondsk". Og parallelt med dette har det vore oppmuntra til all slags vulgær dialektbruk som ikkje har noko med nynorsk å gjera. Difor har den nynorske kulturen diverre mist forståinga av seg sjølv. Eit godt døme på dette er at ein no har byrja å skriva "trekkja" og "trykkja" når det er meint *draga* og *prenta*.

Ivar Aasen gav oss ein arv, eit fornemt, aristokratisk språk, ikkje noko gatespråk. Det skjøna me ikkje. Og ikkje ville me vita av det heller. Her var for mange ord og vendingar som husmannsånda var redd "bykulturen", tenarskapet åt dansken, ikkje skjøna. Difor slutta vi å bruka dei, eller laga bokmålsord av dei som ovanfor. Og nynorsken adopterar fleire og fleire, medan bokmålet held på sitt. Dermed infiltrerest nynorsken sakte, men sikkert, gjennom denne alminneleggjering og utvatning, rett for augo på røktarane, og nynorskflokken stend måpande og skjønar mindre og mindre.

Stig Bergmann, Ørsta

Vossagjenta Ingvild Bryn

I 100-årsprologen til Voss Mållag av Torstein Sausjord i desembernummeret 1998 av Vestmannen, hadde denne strofa (millom Vangsguten Arne og Gjeraok-Johannes) til vår store fortviling falle ut:

Frå styrehuset med Vinlands vardar som méd
lydest Vossa-tausi Ingvilds myndige ord.

Tilskot til Norsk Målsoga frå Opedalsfondet

Trass i innkomenedgang gjev fondet raus studnad til mange måltiltak

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hadde seinhaustes 1998 møte i Bergen. Her vart det løyvt godt yver 150 000 kronor til nynorske fyremål. Formannen i fondsstyret, Hans Sørbø, fortel til Vestmannen at eiga var ikring 2,5 millionar kronor ved årsskiftet 1997-1998. Innkoma minka dei siste åri av di bankinnskot og verdepapir gav mindre avdrått enn tidlegare. Utbytet av kapitalen var i 1997 berre ein tridjepart av storleiken i 1991.

Fondet må taka umsyn til den almenne nedgangen i norsk økonomi. Likevel vart det i desse 7 åri løyvt yver ein million kronor i tilskot til nynorske bøker, skrifter, blad og anna målarbeid. Meir enn tridjeparten av pengane gjekk til Norsk Bokreidingslag i Bergen. Attåt denne millionen vart det gjeve 140.000 kronor til målstudentar, og 7 heidersgåvor på til saman 140.000 kronor, segjer Hans Sørbø.

Den største løyvingi på siste styremøte gjekk til ei ny utgåve av *Norsk Målsoga* av *Gustav Indrebø* med 65.000 kronor. Til ei skrift um riksnamnet Noreg vart det løyvt 16.000 kronor. I denne boki hev *Kjell Venås* ein språkvitskapleg studie um upphavet og framvoksteren til det nasjonalelandsnamnet, og *Fridtjov Sørbø* klårlegg i ei historisk utgreiding korleis bruken hev vore fram til våre dagar. Ein tilsvarande sum gjekk til ei bok um språklege rettar og til ein framstøyt i målarbeidet på Mid-Vestlandet. Bladet *Vestmann*, tidsskrifti åt Norsk Målungdom og fyrearbeidet til ei bok um Studentmållaget i Oslo fekk kvar 8000 kronor. Attåt desse løyvingane fær dei fem lagi som styrer fondet årvisst 5000 kronor kvar til sitt eige arbeid.

Utan søknad løyvde fondet 5000 kronor til kvar av dei tri ungdomane Håvard Tangen, Arild Torvund Olsen og Olav Torheim for godt og ihuga målarbeid.

Næste styremøte vert 20. mars 1999. Forretningsføraren *Leiv Flesland, 5068 Flesland*, tek fram til mars imot nye søknader um tilskot frå fondet.

I fondsstyret sit i dag *Leidulv Hundvin* for Vestmannalaget, *Frøydis Lehmann* for Ivar Aasen-sambandet, *Einar Schibevaag* for Noregs Mållag, *Haldor Slettebø* for Vestlandske Mållag og *Hans Sørbø* for Akademi for det norske målet, Norsk Måldyrkingslag.



Med og lem

I aamanheng med det vesle målordskiftet på internett um *lem, medlem, lagslem* o.a. minner ein mangeårs lesar av Vestmannen um at ordi *med* og *lem* er utgamle i norsk. Vegen er stutt til ordet *medlem*. I ein tidbolk då det i sume sine augo er fåre for marginalisering av nynorsken, er det viktugare ting å kivast um enn dette.

So langt Vestmannen veit, gjeng både *med* og *lem* attende til gamalnorsk. *Med* hadde stungen d i enden, og *lem* var skrive "lim". Nemning for lagslem trongst vel då lagslivet voks fram i heller ny tid,

Høgnorsk skrivemåte?

For meg er det greidt og gjer ingen ting um stykki i Vestmannen ikkje alltid hev plent den same rettskrivingi. Men likevel må eg undrast når tvo so røynde og medvitne målbrukarar som Håvard. G. Tangen og Lars Bjarne Marøy vik av frå den normalen som eg trudde dei retta seg etter.

I Vestmannen nr 10/98 skriv Tangen fleire gonger "stykkje" og Marøy ein gong "stykkje". Denne (k)j'en høyrest i uttalen mange stader i landet, det er rett – men i normalmålet hev dei ikkje skrive han dei siste hundre åri eller vel so det, det eg veit. Eg såg etter i Lars Eskelands ordlistor frå 1906 og 1921, men der stod det ingen j.

Eg hev trutt at regelen for namnordi var slik: Vi skriv j'en når ordet endar på a i ubundi form i Aasen-normalen, men ikkje framfor e: ei *lykkja* og ei *bryggja*, men ein *styrke* og eit *stykke*. Denne regelen fylgjer dei i læreboknormalen i nynorsk òg, jamvel um dei skriv e for a'ane til Aasen.

Er det ei ny lina i høgnorsken som Tangen og Marøy hev slege inn på her?

Beste helsing

Tormod Ropeid

Høgnorsk rettskriving

Tormod Ropeid frå Askim tek upp eit viktugt spursmål – *Høgnorsk rettskriving*. Eg skal ikkje svara for Håvard G. Tangen og Lars Bjarne Marøy, men eg nemner litt um kor eg sjølv ser på spursmålet. Eg hev stundom skrive "stykkje", som Ropeid nemner. Me som held på høgnorsksynet, hev knapt nokon gong vore bokstavtrælar under ei viss offentleg rettskriving. Me tykkjer heller at statsklussingi med sjølve målet hev vore til ulukka for nynorsken. Ein kjend målmann, lærebokskrivar og ordbokskrivar Lars Eskeland, såg dette so tidleg som kring hundradårsskiftet; han vilde ikkje ha målsleg statsstempel på bøkene sine!

Tormod Ropeid hev rett i at skrivemåten "stykkje" ikkje hev vore med i offentlege normalar dette hundradåret. Men derimot er "stykkje" ført upp til alternativ av Ivar Aasen; han hev *"Stykke (el. Stykkje)"* i ordboki (1873), og same alternativet hev Aasen i andre ord av same type (Merke/Merkje, Rike/Rikje osb.). Ein framifrå måldyrkar som Nikolaus Gjelsvik skreiv "stykkje" i *Von og veg* (1938). Sidan jmerkt uttale etter k og g tykkjest ha vore på vikande front, til dels med statshjelp, hev Vestmannen skrive fast t.d. *Ordtøkje*, som høyrer til i same ordgruppa og heller ikkje hev vore statsautorisera i dette hundradåret. Men dei som vil, må sjølvsagt få skriva ordet utan j. Skal skriftmålet utprøvast, er vilkåret at skrivande folk røynleg fær prøva seg, ikkje at dei er bundne av statlege eller andre reglar.Det er det motsette av utprøving!

1917-rettskrivingi er ikkje utan flekk og lyte. Ikkje *den* offentlege rettskrivingi heller! Mange høgnorskfolk skriv *andsvar* som frå 1917 hev vore skrive "ansvar" i skulen. Fyrelekken er den same som i *andføttes, andror, andøva* osb. Men um 1917-målet ikkje bør brukast dogmatisk, er 1917-ordlista likevel, trur eg, det beste me kann råda folk til å bruka når dei vil skriva klassisk, tradisjonelt mål.

Jostein Krokvik

Nynorskunderskot på lærarhøgskulane

Av Lars Bjarne Marøy

Norskfaget er ein viktig premissleverandør for målpolitiske haldningar. Dette er det lang tradisjon for. Men dette er det grunn til å sjå kritisk på, serleg for nynorskfolk. Folk som arbeider med norskfaget hev i ein viss grad vore til eit slags orakel for kva som skal vera rett og gagnleg målpolitikk. Dei nære koplingane millom fag og politikk kann sume tider føra heilt gale av stad. Døme på dette kann hentast frå lærarutdanningi.

KUF har kome med rapporten: "Evaluering av norskfaget i allmennlærarutdanninga". Rapporten er viktig for oss målfolk. Me vil gjerne at alle fag skal vera med å fremja kunnskap og kjennskap til nynorsk mål. Dersom norskfaget vert det einaste faget som skal taka andsvar for nynorsken, kann det bera gale av stad. I praksis er det slik at norskfaget i nynorskumråde er ein avgjerande premissleverandør for dei haldningane og kunnskapane nynorskelevane fær til sitt eige språk. Nynorskelevane må verta so trygge i målet sitt at dei trass i press frå umverdi greider å stå fast på målet sitt. Å få til dette i det bokmålsveldet me lever i, er ikkje nokor uppgåva for eitt fag.

Ein av hovudkonklusjonane i rapporten er:

Skal ein fortsatt gi ei norskutdanning som kvalifiserer kommande lærarar for så store,varierte og teoretisk ulike undervisningsoppgåver i morsmålet, må det etter styringsgruppa si meining skje ei utviding til 20 vekttal.

I dag vert det gjeve undervisning som utgjer 10 vekttal, medan universitetsutdana lærarar fær minimum 20 vekttal. Det skulde vel soleis ikkje vera urimeleg at det vert sett like store krav til ålmennlærarane. Serleg viktig må det vera å gjera lærarstudentane merksame på dei serlege uppgåvone som språksituasjonen vår set til dei. Dei må kunna henta inn nynorsk språktilfang av ulikt slag til å motverka det bokmålspresset som dei fær inn dagstødt. Eit banalt, men illustrerande døme: Trass i at det stend melk på mjølkekartongane i altfor mange nynorskkommunar, skal elevane læra at det heiter mjølk. I slike situasjonar fær lærarane didaktiske (undervisningstekniske) problem som må løysast. Ei onnor sak er det um dei 20 vektali i praksis vert fylte upp av slikt som ikkje gjeng på språk i det heile. Det er ein tendens til at norskfaget vert fylt upp av ei rad ulike emne. Styringsgruppa bak rapporten tek umsyn til dei didaktiske uppgåvone lærarane hev, og skriv:

Norskfaget er som morsmålsfag i ein heilt spesiell situasjon fordi vi har to likestilte skriftspråk. Lærarutdanninga opererer derfor med to likestilte målformer. Målformene er likestilte fordi den ferdig utdanna læraren skal ha kompetanse til å undervise både elevar med bokmål og elevar med nynorsk som hovudmål.

Lærarstudentane med bokmålsbakgrunn steller med handikap. I vidaregåande skule skal dei læra hovudmål og sidemål. Rapporten segjer :

Dei har eksamen i eit hovudmål og eit sidemål. Når dei begynner på lærarhøgskolen, er dei berre på hovudmålsnivå i ei målform. Denne evalueringa viser at det er lite tid og rom på dei enkelte høgskolane for tiltak som hjelper studentane til å meistre begge målformene. Dette gjeld særleg dei studentane som har hatt nynorsk som sidemål. Styringsgruppa meiner at det er heilt nødvendig å setje i verk konkrete tiltak som styrker studentane sin eigendugleik i både nynorsk og bokmål, og som samstundes utviklar kulturell og didaktisk forståing for den tospråklege situasjonen vår. Norskfaget er aleine om ansvaret for å formidle den spesielle språklege og kulturelle situasjonen i landet og for å vise korleis dette må komme til syne i undervisninga i grunnskolen.

Dersom lærarstudentar med bokmålsbakgrunn hev eit handikap i norskfaget, må dei ha eit endå større handikap dei lærarane som skal undervisa ved nynorskskular, utan å ha lært nynorsk i det heile. Kva med matematikklærarar som skal undervisa på nynorskskular. Hev ikkje desse lærarane nokon skyldnad til å undervisa på nynorsk og taka umsyn til språkstoda vår? At rapporten legg so stor vekt på norskfaget er ei rein
andsvarsfråskriving. Norsklærarane skal formidlar kunnskapar på same måte som andre lærarar. Ein skal vakta seg vel for å gjeva faget nokon serlege skyldnader til å fremja norsk mål. Derimot skal faget fremja kunnskap um nynorsk.

Didaktisk forståing er ei altfor veik formulering. Lærarstudentane må lærast upp til å kunna meistra konkrete vanskar i skulekvardagen. Elles vil uppfylgjingi i skulen verta slumpesam og for dårleg.

Kulturell forståing for at me hev nynorsk kann ein få ved å læra seg *kvar* i landet nynorsk er hovudmål, og ved å tileigna seg kunnskapar um dei som arbeider med og for nynorsk. Dette burde vera elementære kunnskapar, men er det tydeleg nok ikkje. Kor som er, desse elementærkunnskapane kann byggjast ut. .Slik kunnskap bør integrerast i alle fag. Lærarane skal kunna undervisa og nytta nynorsk terminologi innanfor alle fag. Det er vel ingen som krev av læraren at han skal skifta hovudmål personleg, men tavlemålet og faglege umgrep må vera på nynorsk.

Ei didaktisk forståing for nynorsken må føra med seg at ein byggjer ut elementærkunnskapane um nynorsken. Døme: i m.a. Hordaland og Sogn og Fjordane nyttar dei nynorsk. Dersom eg skal verta lærar i Hordaland, må eg høgst sannsynleg nytta nynorsk. Eg må t.d. læra elevane songar på nynorsk for at dei skal få
nynorsken inn som ein naturleg del av faget. Vidare må ein byggja ut tankeføringi hjå lærarstudentane, som t.d.: Samlaget gjev ut bøker på nynorsk. Då kann det vera at dei hev bøker eller tilfang som eg kann nytta i undervisningi mi. Slik forståing må byggjast upp gjenom upplæringi på lærarhøgskulane. Og lærarstudentane må kunna byggja seg upp so mykje kunnskap at dei kann meistra ein konkret undervisningssituasjon der dei skal nytta nynorsk.

Konklusjonen frå målrørslehald må vera at rapporten til den offentlege styringsgruppa hev peika på ei rad utbydingar innanfor norskupplæringi. Det einaste konkrete tiltaket som kann koma nynorsken til gode, er ein auke til 20 vektalseining. Ein slik auke må gjenomførast, og undervisningi må øyremerkast til m.a. meir upplæring i slike kunnskapar som er grunnleggjande for nynorsken. Elles er rapporten for lite konkret på kva som kann gjerast til å betra upplæringi i nynorsk. Det er dessutan grunn til å spyrja seg um elementærkunnskapar um nynorsken, som rapporten kallar ei kulturell forståing av tvospråkssituasjonen, er ei utbyding som norskfaget bør vera åleine um. I røyndi er det kunnskapar som skulde ha vore ålmennkunnskapar.
KUF bør syta for at interessone til nynorsken og nynorskbrukarane vert langt betre ivaretekne enn det denne rapporten legg upp til. I røyndi legg rapporten upp til at norskfaget fær monopol på å vera målpolitisk premissleverandø. Dette er ikkje er til vinning for målrørsla.

Sigbjørn Heie med prosablanding

Sigbjørn Heie:
NATTSONGAREN, prosablanding
Setesdalsforlaget, Valle, 1998

Prosablanding hev Sigbjørn Heie kalla denne boki si, men eg er ikkje viss på um ikkje *novellesamling*, alternativt *forteljingar*, hadde råka like godt. Endå ikkje reint fåe av stykki skil seg noko ut frå tilvande novellor; dei er sers stutte, på mindre enn ei sida, og dei vantar tydeleg handling og stundom tydeleg hovudperson. Sume minner so smått um essay, men essay vilde snaudt vera rett nemning. Dei er snarare glimt frå ei hending eller oftare frå eit indre plan – um eit minne, ei uro, ein otte eller anna.

Samlingi er på 83 sidor, og ho hev IV bolkar. Kløyvingi i bolkar stussar eg stundom litt på, men i alle høve finn me i siste bolken mest berre tekster av det stutte slaget. Eg må segja at eg las denne bolken med størst forvitne, og her fann eg tekster som var fengslande og fantasivekkjande. Som "Ein mann går av bussen", der siste passasjeren gjeng av siste bussen på ei audsleg og tom kai, utan folk, utan fleire bussar. Eller "På eigne vegar" der "han" upplever "det dei andre miste på si sanselause ferd".

Um dei *vanlege* novellone stort sétt er på det gjengse, dei fleste, er det vanskeleg å koma ifrå at samlingi er noko ujamn, og sumt hadde truleg tent på noko lengre tid til finhøvling. Denne sluttsummen kann sjølvsagt òg ha noko å gjera med den som les, men derimot er det knappast umstrideleg at samansetnaden av samlingi i form er lite einsarta. For mitt vedkomande sette eg, som nemnt, dei stutte tekstene, *glimti*, høgast, anten me no vil rekna dei for novellor eller forteljingar eller me vel ei onnor nemning.

Sigbjørn Heie hev gjenom åri gjort seg kjend med novellor både for vaksne og born. Det er soleis ingen ny teig for honom, dette, og det kjem nok meir. Eg vil ikkje slutta desse ordi utan å rosa Setesdalsforlaget; med Ånund Homme i brodden tryggjar det plassen sin i ei nisje som til sakn for sume hev stade tom ei tid.

Jostein Krokvik

Dagen i dag han er din

Dagen i går er som graset i fjor,
burte og visna, jamna med jord.
Tidi som var er vorti til æva,
du fær ho kje att, men no bør me leva
i ljoset og vera eit solstråleskin,
for dagen i dag han er din.

Og dagen er din med draumar og lengt.
Det du skal gjera og det du hev tenkt,
gjer det i dag med soli ho skin,
for dagen i dag han er din.

Du kann ikkje vita um soli vil renna
i morgon og gjeva deg atter ein dag,
um ho dei vermande strålar vil senda
på dine livsfriske andlitsdrag.

Du kann ikkje vita um livet vil vara
og gjeva deg nøgdi av dagar og år.
Kann henda du herifrå verdi må fara
medan ditt livstre i blomknuppar står.

Den tidi som var, kann du visseleg minnast
med gleda og sorg for alt det ho gav.
Men aldri i livet ho atter kann finnast,
nedsøkkt i æveheims botnlause hav.

Um tidi ho kjem, kann du visseleg drøyma
og laga deg tankar med hugheilt mod.
Men tak deg i vare, du må ikkje gløyma
at øksi kann liggja ved livstreets rot.

Finn fram det gode, eg veit at du kann,
ver du som soli, ho vermer og skin.
Rekk mot dei andre ei hjelpande hand.
for dagen i dag han er din.

Kai Hunstadbråten

Verdfullt jolehefte frå Norsk Barneblad

Det gamle og velkjende joleheftet frå Norsk Barneblad, *Joletre*, i dag kalla *Juletre*, kom med eit sers vellukka nummer i 1998. Joletre hadde høgtidsår i 1998, det var 100 år sidan Norsk Barneblad gav ut fyrste nummeret av joleheftet. Norsk Barneblad tok til i 1887.

Bladstyraren hev fenge den gode idéen å prenta um att av innhaldet i tidlegare år, millom anna frå fyrste året 1898. Me møter forfattarar som Anders Hovden, Sven Moren, Hans Seland og andre. Bladstyrarar i 1898 var Kristen Stalleland og Kristian Magnus Olsen Nordli (bror til forlagsmannen Olaf Norli som hadde so mange målbøker på boklista) .

Stykki synest ikkje vera klussa med målsleg, og dette hev ført til at heftet ikkje er so læreboknormal-einsretta som vanleg er i Norsk Barneblad no. Joleheftet viser noko meir av det røynlege mangfeldet i målet, millom anna i-formene, og me er tolleg visse på at korkje born eller andre unge reagerar negativt eller fær vanskar av den grunn. Eit gildt og målsleg friskt og kraftfull hefte!

Bladstyrar i Norsk Barneblad hev vore Gard Espeland siste 7 åri. Frå april vert det ny bladstyrar, Nana Riise, upphavleg frå Hjørungavåg på Sunnmøre.

BRUSAR – *og litt til*

Av Trygve Orheim

Har du høyrt snakk om å plukka og fletta brusar? I alle fall har ikkje nokon sunnmøring eg har spurt, sagt ja til spursmålet.

Kort fortalt: Dette var ei form for barnearbeid og var i "gamle dagar" vanleg i nordfjordsbygdene. Og det gjekk ut på å plukka opp kornaks med tilhøyrande halm som låg att på åkeren etter skurden. Leggja det pent og pynteleg saman i buntar, so store at eit par små nevar so vidt greidde å gripa rundt. Deretter få nokon av dei vaksne til å fletta halmen på desse buntane. Og det ferdige resultatet vart då kalla ein *bruse*. Eit slikt eksemplar såg ut som ei frodig flette. Lang som lengda på halmen, og med ein fin "bruse" på toppen.

Honoraret for dette arbeidet hadde vanleg eit standardpreg over seg. Nemleg: Eit visst tal fletta-kringler som far skulde kjøpa, når han for til Eid på julehandel. Dette i høve til kor mange brusar vi hadde plukka og fått godkjende. Det siste var sers viktigt.

Elles kunde vi då få i stand andre avtaler. Som f.eks. å vera med til grannebygda Kjølsdalen på unghest-sjå til våren. For når våren kom, var følet som vi gjerne hadde traskande kring oss på brusesanking, ein fin åring som sjølvsagt måtte prøvast på det årvisse sjået. Men heilt fritt for fletta-kringler var aldri eit slikt oppgjer.Slik hadde det vore gjenom ættleder.

Denne kornplukkinga hadde visseleg samanheng med den turvande innstellinga som måtte til for å eksistera på gardane i dei tider. Altso eit kapittel av det velkjende tidleg-krøkjast-evangeliet, som var ein retteleg bra skule for nokon kvar av oss.

Ukjent skulde vi då heller ikkje tru at dette kornplukkarprosjektet var i sunnmørsbygdene.

Soknepresten i Eid i dei dagar eg voks opp, var sunnmøring. Namnet hans var Arnoldus Løvoll. Han var sjølv praktiserande gardbrukar og tok hand om drifta av Eid prestegard, like eksemplarisk som prestegjerninga.

I 1939 las eg for presten. Det var krig i verda. Og presten la oss sterkt på minne at vi m.a. måtte læra oss å visa respekt for kornet. Om lag like mykje, etter som vi forstod, som for gudsordet. Sanneleg, han var ein bra kar.

Og han forstod seg på hest. På respektabel og fagleg vis handterte og køyrde han den staselege fjordingen på garden. Ja, det var so visst ikkje noko minus for han. Det var vi gutar so inderleg samde om.

Og lærdom og praksis i korndyrking fekk vi godt kjennskap til, i åra som då fylgde.

Brusar på Sunnmøre

Trygve Orheim fortel i det forvitnelege stykkjet sitt "Brusar – og litt til" at han ikkje hev råka nokon sunnmøring som kjende til umgrepet "å plukka og fletta brusar". Eg må segja at då eg var gutunge fyre krigen, høyrde eg um brusar og eg plukka sjølv brusar på åkrar etter skurden. Serskild løn for bruseplukkingi var det derimot ikkje tale um. Dei dyrka havre den gongen, både heime og på andre gardar. Um bruseplukking var vanleg kring heile Sunnmøre, veit eg ikkje. Eg er frå Vanylven på Søre Sunnmøre, som grensar til Nordfjord.

Jostein Krokvik

200-årsminne Den 15. juli 1799 vart *Peder P. Soelvold* (1799-1847) fødd på ein nusmannsplass i Holla, Telemark. Han vart lærar, og tok i 1831 til med bladet «Statsborgeren», var utgjevar og bladstyrar. Bladet hadde kvass brodd mot embestmennene med harde personåtak. Soelvold vart dømd for ærekrenkjing og laut gjeva upp bladet i 1835. I 1838 starta han «Fædrelandsvennen», men etter nye injuriesøksmål laut han gjeva upp her òg. Han døydde utarma i 1847.

Be om gratis katalog

NYNORSK ANTIKVARIAT

Tilskrift:
Nynorsk Antikvariat A/S
P.b. 9243 Grønland
0134 Oslo
Telefon 22 19 02 11
Telefax 22 19 61 10

Tilskrifter

Vestmannen
Bladstyrar Jostein Krokvik
6143 Fiskåbygd
Telefon 70 02 14 29
Vestmannalaget
Formann Leidulv Hundvin
Lillehatten 242, 5033 Fyllingsdalen
Telefon 55 16 37 32
Ivar Aasen-sambandet
Formann Bjørn Tormod Ringdal
Løvåsbakken 22, 5033 Fyllingsdalen
Vestlandske Mållag
Formann Lars Bjarne Narøy
Eliasmarki 14, 5034 Y Laksevåg
Telefon 55 34 33 77
Norrønalaget Bragr
Formann Lars Bjarne Marøy
Tilskrift som Vestlandske Mållag
Målungdomslaget
Prikken yver i-en
Formann Bjørn Tormod Ringdal
Løvåsbakken 22, 5033 Fyllingsdalen
Norsk Bokreidingslag
Postbok 684, 5001 Bergen
Telefon 55 31 66 29
Høgnorskringen
Grensa 8, 0159 Oslo
Telefon 22 33 68 10
Norsk Målungdom
Øvre Slottsg. 5, 0157 Oslo
Telefon 22416155 / nmu @ nynorsk.no
Noregs Mållag
Kirkegata 32, 0105 Oslo
Telefon 22 47 71 00 / Faks 22 47 71 01

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnad åt vestmennene og høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for målupplysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde.

Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla. I Sambandet kann lag og einskildlemer vera med, og du må gjerne melda deg inn i mållag der du bur og beinveges i Sambandet. Skriv deg inn!

Årspengar for beinveges innmelde kr. 50,-.

Innmelding til kassastyraren:
Ivar Aasen-sambandet v/Kolbein Totland, Totlandsv. 370, 5050 Nesttun.
Telefon 55 10 02 48
Postgiro 0814 20 27 209

Stød på foten

Av Arne Horge

Å ljuge litevetta er ikkje so gale, serleg ikkje når ein skal måte til ei god historie. Og ein må heller ikkje kvi seg for uløyves å låne eitkvart når det inkje er vandare til skades for nokon, og andre utvegar er prøvde fyrst. Men sjølvsagt finst det heiltupp ufråvikelege retningslinor i mannelivet. Nett no tenkjer eg på regelen um at friske hestar skal ut or stallen kvar dag. Millom hesteeigarar vert det rett som det er synda mot denne regelen, og ein kan undre seg på um det inkje hadde vore likare av Vårherre at han hadde tenkt på dette då han i si tid gav borordi åt Moses på Sinai-fjellet (andre Mosebok 34. kapitlet).

Det er fleire grunnar til at hestar bør ut og røra på seg kvar dag, men ein grunn er å setja fart i det sokalla hovspelet, at hoven vert breidare når hesten trør ned, og går i hop att når hesten lyftar foten i gang eller sprang. Hovspelet er med til å suge blod ned åt hoven og gjer soleis sitt til at hesten fær ha sunne og friske høvar.

Av same grunn bør alle hestar gå berrføtte ein del av året, av di skoen i nokon mun læser hovspelet. Difor hadde eg avgjort at Svarten her på garden ikkje skulde gå skodd fyre jol av di eg ingen bruk hadde for honom frå mortensmess og ut året. Men so kom kakelinna og med henne gråblå hålke på alle vegar og på det meste av markji med. I hestehamni var det berre ei kvit bot midt utpå som var til å gå trygt på for folk og fe. Deretter sette det inn med kjøld og klårver att, og isen låg der og blenkte frå dag til dag.

Eg vilde ikkje gje meg so lett. Eg sandstrøydde ein smal veg åt meg sjølv med fôrsekken og Svarten ut til den kvite trygge boti. Det var so vidt me klora oss fram. Elles var det som sanden fraus turr og rasla av garde og vart burte undan føtene våre. Vel ute på snjøboti visste eg at Svarten vart verande der med fôret sitt. Han var for røynd til å tulla seg i veg ut på hålisen åleine utan kvass skoning. Neste dag strøydde eg med oska or omnen. Då vart det noko betre, og slik berga me oss frå dag til dag.

Ei natt kom det eit tunt snjøfok, og veret heldt seg like kaldt, so nysnjøen beit slett ikkje på isen, han gjorde berre vondt verre. Fram til ledet inn på hestehamni var det lett å fylgje den strøydde vegen vår, for det var ein arbeidd veg, men innanfor ledet var det slette markji radt upp åt skogkanten, og alt var drivande kvitt. Me vart standande å stire, Svarten og eg. Kvar var vegen vår, og kvar byrja og slutta den kvite boti? Som klumsa stod me og visste korkje ut eller inn. – Men hunden rugge meg! – På morgonsida hadde det hoppa ein hare framfyre oss. Spori tedde i snjøfoket i jamne hopp tvert yver hestehamni i bein line og brydde seg korkje um dei håle isane, den snjøfaste boti eller oskestrøye og sandstrøye. Det var gut som var stød på foten det!

Fjøddi okko

Av Gunnar Rysstad

Frå Kai Hunstadbråten fekk me diktet "Fjøddi okko" (Fjelli våre) på setesdalmål av *Gunnar Rysstad* (1867-1928) frå Hylestad i Setesdal. Rysstad er meister for den framifrå umsetjingi "Fager er jordi" etter den danske "Dejlig er Jorden" av B.S. Ingemann (sjå Vestmannen nr.7, 1998). Han var bonde, diktar og politikar.

Fyst 'an æ utå bygdo flare,
'an saknar fjøddi i Sætisdale.
Fyst 'an æ utå bygdo flå,
dei vene fjøddi, kor æ dei då?

Men då eg kom so uppette fjore
då såg eg fjøddi, dei håge, store.
Då såg eg fjødd, då såg eg li;
de va so de hoppa i bringunn mi!

Di, som tikje, at fjøddi myrkje,
å kunn di syne me ljosar kjyrkje?
Kunn di syne me større rom,
å større venleik å herlegdom?

Di, som tikje, at fjøddi stengje,
å um di kunne den kjensla kjenne!
Nei, større rom ska du alli sjå,
vi du barre glåpe 'pi himlen blå.

Der æ kje grensu, der æ kje ende;
sjå de va de, eg den gongji kjende.
Eg kjende, eg i ei kyrkje va
med fjøddi ti veggji å himling-tak.

Ja denne kjyrkja kan mange røme.
I desse dale ska livi bløme.
Men då for augo me have må
å gjer de letsleg for stor' å små.

Høgnorskringen

Høgnorskringen er ein landsdekkjande ring som vil reisa nynorsk i sitt «beste lag» (Aasen). I høgnorsknamnet ligg programmet. Open for alle som er samde i grunntanken. Ringen er med i Ivar Aasen-sambandet. Årspengar kr 50,-.

Skriv til:

Høgnorskringen
Grensa 8
0159 Oslo
Telefon 22 33 68 10
Postgiro 0803. 4591343

DAG OG TID

Lyser opp i målmørkret!



Ring oss i dag og ting avisa til spesialpris;
199 kroner for eit halvt år!
Telefon: 22 33 00 97

Dag og Tid
Pilestredet 8, 0180 OSLO
Tlf. 22 33 00 97 – Faks 22 41 42 10 – E-post:bladstova@dagogtid.no

40 millionar lever i naud og hatet millom folkegruppor er like sterkt

Av Ludv. Jerdal

40 millionar menneske lever i dag i otte og naud, i tilhøve som ligg langt under det minimum som burde vera mogeleg. Europa er ikkje lenger den rolege hyrna der demokrati og folkestyre råder. Og i alle stridane og konfliktane er det dei sivile som er den veike parten.

I eit engasjert og yvertydande fyredrag i Vestmannalaget um *Bosnia* skisserte *Ole Johan Hauge* stoda for dei krigsherja landi. Han bygde på fyrstehands kjennskap. Han er sekretær i Norges Røde Kors og hev havt arbeidet sitt i Bosnia i tvo og eit halvt år. Han fortalde um møte med folk på røming, um øydelagde hus, um landminor som lurer og som ofte krev liv. Og han skildra hatet millom folkegruppone på Balkan, eit hat som hev bygt seg upp gjenom generasjonar. Bosniarar, kroatar og muslimar hatar kvarandre, og vil ikkje tilgjeva. Dei talar upp att og upp att um uretten som er gjort mot deim.

Er det framtidsvon?

Nyttar det å byggja bruer millom deim? spurde Hauge. Og han gav svaret: Dei unge hev vilje og von til det. Men det nyttar ikkje med dei eldre. Og kva so med framtidi for dei stridande Balkanlandi? Hatet sit djupt. Mykje hev hendt. Urett er gjod, og det er ikkje gløymt. Europa er sentrum for yvergrep, og stakkars dei sivile. Bombor yver Kosovo vil vera ein katastrofe for dei. Og me må ikkje gjera *ei* av gruppone til slaktarar og syndarar, og frikjenna dei hine. Kosovo tyder mykje for serberane, og dei gjev aldri upp Kosovo, sa Hauge.

Og han peika på at dei som rømer ifrå desse krigsherja landi er midaldra og unge, dei som kan verta soldatemne. Det er ein strategi som er tydeleg. Naudi og vonløysa er stor, og kallar på hjelp i all hjelpeløysa.

Samrøystes vedtok vestmannalagsmøtet ei sterk fråsegn til Norsk språkråd um å verna det beste i norsk mål. Og i Tuftekallen la bladstyraren Lars Bjarne Marøy inn yvertydande ord um det same.

Yrkjesnamn og kvinnejamstelling

Bladet til Føroyska Málnevndin, Ordafar, kjem i siste nummeret (desember 1998) med rettleidingar um bruk av yrkjesnamn – starvsheiti. Bakgrunnen er på Færøyane som i Noreg det veksande kravet um jamstelling millom kyni, i målvegen medrekna. Målet er ikkje berre ein sambandsreidskap, skriv den færøyske målnemndi, men gjenom målet kann me syna vyrdnad, kjenslor og haldning i emnet det er tale um. Kjernen i jamstellingssamanheng er at me ikkje gjer skil på kyni og ikkje held uppe ulikskap av målgrunnar: stutt sagt tyder dette på Færøyane at jamstellingsumsyn gjeng fyre målumsyn.

Færøynemndi tel til å nytta yrkjesnamn som ikkje er kynsmerkte, som *lærar, skrivar, fullmektig, leidar, sjukehjelpar* (hjå oss gjerne kalla *sjukepleiar*) osb. Men ikkje alle slike nemningar er kynsnøytrale på Færøyane heller: *sysselmann, lagmann, jordmor*. I sovorne høve er rådet å nytta *-kvinna* eller *-mann* i samsvar med biologisk kyn: *tingkvinna, tingmann, forkvinna, formann, talskvinna, talsmann, heimelskvinna, heimelsmann, politikvinna, politimann, vitskapskvinna, vitskapsmann* osb. Derimot kann me ikkje sjå at i dei færøymål heller vil freista seg med "jordfar" (*ljósfadir* eller *jardarfadir*)! I fleirtal høver det stundom å nytta det kynsnøytrale *-folk* eller *-mannskap*: *arbeidsfolk, embetsfolk, tingfolk, idrottsfolk, sjøfolk*. Nemndi hev klårt for seg at ord som *forfolk* ikkje er brukande, men i serskilde tilfelle høver ordet *-lem*: *styrelem(er), varalem(er)*.

Ikkje kvinneleg og mannleg

Dei færøyske mållærde er lite uppglødde for å skriva *mannleg* eller *kvinneleg* i samband med yrkjesnemningar – som *kvinneleg leidar, mannleg sjukepleiar* – for dette kan tydast slik at det er vanleg at leidarar er menner og sjukepleiarar kvinnor. Me skal ikkje koma med motlegg, men noko hårssårt vil nok sume tykkja at dette er. For røyndi hev frå gamalt vore slik at flestalle leidarar hev vore menner og flestalle sjukepleiarar kvinnor. Nok um det, på Færøyane er dette færøyingane si sak.

Er det uturvande å skilja millom kvinnor og menner, høver det å nytta *menneske, person* eller i fleirtal *folk*: *bymenneske, fagfolk, privatperson, tillitsfolk*.

Nordmann. engelskmann

På færøysk vil mange kvida seg for segja nordmann um ei norsk kvinna eller engelskmann um ei kvinna frå England. Dei vert tilrådde å heller ordleggja seg Gro Harlem Brundtland som er norsk, eller frå Noreg, eller den norske Gro Harlem Brundtland. Og tilsvarande um kvinna er frå England.

I utgreidingi i *Ordafar* er ikkje den gamle tydingsvarianten *mann=menneske* nemnd. Mann vert utan atterhald rekna for *mann=kar*. Venteleg av di restane etter det fyrstnemnde tydingsavbrigdet er for veike til å heimla uppattnya bruk i dagsens mål. Trengst det nye yrkjesnemningar, ser den færøyske målnemndi gjerne at dei tek i bruk høvelege hokynsord og nemner serskilt ordi *røkja, sjúkrarøkja* som me ikkje hev i norsk i same tyding (me hev *røkta, røktar*) men som svarar til vårt *sjukesyster*.

Jostein Krokvik

Fortidsdyret

Forutan ende ligg det arktissletter
i den kulsne, svartblå vinternatt
der himlen lyfter upp sin nordljoshatt
tilprydd med braglute og skarpe letter.

Men frå det fjerne dunsne fotsteg detter
og alt i hop som før var stilt og matt
blir gjennomstrøymd av høge, håse
skratt
lik trikkegnell i aude storbynetter.

Upp mot stjerner støytetenner peikar
og ut av snø som stamp mot bakken
gyver
det stig ein gnistrande og raggut mammut.

Kor ein då i desse nordljosleikar
kan kjenne gnell og skratt som rømda
dyver
og fagnar kjempa under fargeljoskrutt.

Ronny Rønning Spaans

Andreas Bjørkum set ting på plass

I *Språknytt* som Norsk språkråd gjev ut, finn me i nr. 4.1998 eit innhogg av Andreas Bjørkum imot framlegg frå fagnemndi i rådet (nynorskgreini) um ny læreboknormal. Framleggi var kunngjorde i *Språknytt* nr. 1.1998 ved nynorskformannen Jan Terje Faarlund; i innleidingi stend prinsippi for rettskrivingsarbeid. Sjølve framleggi bryt sterkt med desse prinsippi som vart vedtekne av årsmøtet i Norsk språkråd i 1997!

Bjørkum gjeng imot at bøygjingsformene *born*, *augo* og *menner* skal ut or læreboknormalen (*menner* vil fagnemndi jamvel ha ut or skulerettskrivingi). Bjørkum byggjer på skriftmålstradisjonen og på dialektupplysningar i samleverket i Målførearkivet, tilgjengeleg for alle.

Menner stend sterkt på Austlandet (*mennar* i midlandsmålvaldet), yver store luter av Vestlandet (*menne*) og i Nord-Noreg. Det er formi *menn* som er avvikande i skrift og tale i nynorsk! Formi *born* (ofte utan *r* munnleg, bån, bådn, bonn o.a.) er vanleg yver store luter landet. For *auga-augo* gjev Bjørkum yveryn yver eintalsformi (auga) i målføri der ho stend sterkt i nord og sud, og for fleirtalsformi syner han til målførearkivet. I mange målføre hev linne inkjekynsord fenge analoge linne hokynsformer, der *o* (*u*) kann koma inn i fleirtal i samsvar med bøygjing i målføret. Konklusjonen er at linn inkjekysnbøygjing (*auga-augo*) må vera med i lærboknormalen. Det same gjeld for *hjarta-hjarto* og *øyra-øyro*.

Vestmannen minner um at ordformene som Bjørkum tek upp og som fleirtalet i fagnemndi vil tyna, gjeld *formverket* og *ikkje* røynleg ortografi (skrivemåtar).

Andreas Bjørkum skriv i-mål, og me finn innhogget hans på i-mål i *Språknytt*. Me hugsar ikkje at me hev sétt slikt der i garden tidlegare, me trur sanneleg det er fyrste gongen. Eit talande hende etter at Norsk språkråd hev funnest i meir enn eit kvart hundrad år!

Jostein Krokvik

Verdfulle bøker

Nye bøker:

Arne Horge: **Gråskuggen.** Festleg barnebok med teikningar av Dagfinn Instanes og unge hjelparar. I band kr 168,-

Sigurd Sandvik: **Stølsguten**. Forteljing um den 9 år gamle gjætarguten Ola. Samstundes ei skildring av arbeidsliv og folkeliv i Suldal tidleg i 1920-åri. Hefta kr. 145,-.

Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik, red.: **Heidersskrift til Oddvar Nes**
24 artiklar frå mål- og namnegransking.Hefta kr 275,-

Jarle Bondevik, Oddvar Nes, red.: **Ivar Aasen-studiar I**
Utgreidingar av Jarle Bondevik, Bjarne Ulvestad og Andrew Robert Linn. Hefta kr 230,-

Tidlegare år:

Alv Askeland: **Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi.** Frisk essay-samling på godt mål um grunnleggjande spursmål for norsk folkestyre og sjølvstende. Gjelsvik-prisen. Hefta kr 135,-.

Alv Askeland: **Kyrkjeljod**. Salmar. Hefta kr 115,-.

Conrad Clausen: **Festskrift til Ludv. Jerdal**. I band kr 195,-.

Arne Garborg: **Ivar Aasen**. Ved Trygve Lande. Miniformat. Kr 95,-.

Hannaas, Clausen, Jerdal: **Vestmannalaget 110 år**. I band kr 200,-.

Jostein Krokvik: **Ivar Aasen – diktar og granskar, sosial frigjerar og nasjonal målreisar.** Bilete ved Jo Gjerstad. I band kr 250,-.

Jostein Krokvik: **Norskrøtt skriftmåls store fall**. Um det nynorske atterslaget i etterkrigstidi. Hefta kr 130,-.

Jostein Krokvik: **Ny Hungrvekja og Jan Prahl**. Hefta kr 160,-.

Jostein Krokvik: **Mål og vanmæle**. Soga um det offentlege målet. Hefta kr 160,-.

Jostein Krokvik: **Kjettarord um norsk målalkymi**. Hefta kr 24,-.

Sigurd Sandvik: **Skriv betre norsk**. Rettleiding i målbruk. Hefta kr 115,-.

Sigurd Sandvik: **Suldalsmålet II**. Ny samling ord og ordlag frå Suldal. Hefta kr 100,-. **Suldalsmålet I og II** samla for kr 200,-.

Ivar Aasen: **Norsk Maalbunad**. Norske ord etter umgrip og tyding. I band kr 80,-; hefta kr 60,-.

Gustav Indrebø: **Norsk Målsoga**. Det store målsogeverket. I band kr 350,-.

Gustav Indrebø: **Kva er målreising**. Utvalde artiklar. Hefta kr 50,-.

Gustav Indrebø: **På norsk grunn**. Hefta kr 125,-.

Inger Indrebø Eidissen: **Gustav Indrebø. Ei livsskildring**. Skildra frå nært hald. I band kr 230,-.

Nikolaus Gjelsvik: **Von og veg**. Gjelsviks høgskatta ervebrev um norsk målføring. I band kr 60,-.

Severin Eskeland: **Framandordbok**. Einaste nynorske. I band kr 115,-

Severin Eskeland: **Ei minnebok**. I band kr 50,-.

Eigil Lehmann: **Reise det som velt er**. Hefta kr 115,-.

Eigil Lehmann: **Færøysk-norsk ordbok**. I band kr. 150,-.

Eigil Lehmann: **Islendsk-norsk ordbok**. I band kr 250,-.

Bed um utførleg boklista!

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 – 5001 Bergen
Tlf. 55 31 66 29 Faks: 55 32 03 56 Postgiro 0809 3918844

LARS BJARNE MARØY
ELIASMARKEN 14
5034 Y. LAKSEVÅG

ISSN 0800-8647

C-BLAD

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
6143 Fiskåbygd

Lettlese um Olav Sande

I 1998 skreiv Sverre Aas eit gjenomillustrera hefte um den kjende kulturvernaren, toneskalden og målreisaren Olav Sande (1850-1927) frå garden Sande i Kyrkjebø vest for Ortnevik i Sogn. Ein av dei fremste kulturarbeidarane Sogn hev fostra, skriv Sverre Aas um han.

Olav Sande gjekk på seminaret på Stord og vart lærar – i heimegrendi, i Høyanger og lengste tidi i Systrond. Han drog rundt i sognebygdene, tala med folk, og samla folkeminne som førde til tvo bøker – "Fraa Sogn" (1887) og "Segner fraa Sogn II" (1892). Sande skreiv òg dikt, han var med på avisreising i heimefylket og skreiv både i bladi der og i "Nora", "Sysvorti", "Den 17de Mai" og "Gula Tidend" – alt på landsmål. Han skreiv dessutan bøker for skulen. Han var ein uvanleg god songar, og mest kjend er han kanskje som tonesamlar og toneskald, og han let etter seg 4 band av "Norske Tonar", dei kom ut på eigen kostnad i åri 1905-1910. Han tonesette ei rad kjende dikt som hev vorte mykje sungne. Sande var verksam målmann, folkeupplysningsmann og politikar – vinstremann. Men han tyktest evna samarbeida til alle kantar når det trongst. På heimstaden hans vart det reist ein bauta for Olav Sande i 1994.

Me minner um at segnene til Olav Sande kom ut på ny i 1992 ved Andreas Bjørkum og Jarle Bondevik. Dei kom på Norsk Bokreidingslag i eitt stort band som framleis er å få. Dei er sjølvsagt i upphavleg målform. For oss er det eit sakn at ikkje heftet er på i-mål som både er målet til Sande og målet i denne luten v Sogn.

Heftet til Sverre Aas um Olav Sande hev kulturkontori i Leikanger og Høyanger gjeve ut i samarbeid med Systrond Sogelag. Du fær heftet frå dei nemnde kulturkontori.

Fyrste kvinna vert hovslagar

Nils-Aksel Mjøs gjer oss kjende med melding frå NPK um at fyrste kvinna i Norden hev fenge hovslagar-fagbrev. Ho heiter Synnøve Skjørholm (34) og er frå Stokmarknes. Etter fire års læretid tok ho hovslagarprøva med godt utfall, og ho fekk deretter fagbrev. Berre 13 andre i Noreg hev fagbrev frå tidlegare. Synnøve Skjørholm hev grunnutdaning frå Norsk Hestesenter; ho hev eige ridesenter og skor hestar til attåtnæring. Årleg skor ho i yverkant av 600 hestar. Frå gamalt dreiv sume smedar med hesteskoing.

Godt sagt um **store uppgåvor:**

Store uppgåvor skal du setja i gang med – ikkje vega på.

Gajus Julius Cæsar, romersk statsmann og feltherre, 100-44 f.Kr.

Snakk med oss om Plassering

Vi gir deg betre råd!

KREDITKASSEN

HER FINN DU OSS I HORDALAND:
Arna - Bryggen - Fana - Fyllingsdalen - Landås - Rådhusplass - Åsane
Askøy - Austervoll - Bømlo - Norhordaland - Os - Osterøy - Sotra

Sluttordet

Toskar trampar inn
der englar er redde
for å setja foten sin.

Alexander Pope (1688-1744), engelsk diktar.